Investér eitt ekstra år ved Sauda vgs – og få

# full pakke!

## YSK

**Både yrkes- og studiekompetanse**



*– Både fagutdanning og teoretisk utdanning er høyt etterspurt i arbeidslivet.*

Professor i samfunnsøkonomi ved NTNU, Torberg Falch, Aftenposten, 2. jan 2018.

## Full pakke!

Etter fire år hos oss, kan du gå ut med både ønska fagbrev og spesiell studiekompetanse med realfagsfordjuping og dertil tilleggspoeng. Med Yrkes- og studiespesialisering (YSK) kjem du altså ut med dobbel kompetanse.

Døra er open til vidare ingeniørstudier, og du blir ikkje framtidig “papir-ingeniør”, men ein med mykje og relevant arbeidslivserfaring og kunnskap om produksjonsprosessar. Og ikkje nok med det: du får òg løn under opplæringa.

YSK er eit tilbod for deg som vil gjere meir ut av di vidaregåande opplæring, for deg som jaktar dobbel uttelling.

## Skule-kvardagen



Foto: Ingvil Bakka, Ryfylke

Du får ein variert kvardag! Opplæringa vil kvar veke veksle mellom dagar i bedrift og på skule. I staden for å følgje skuleferiane, vil du følgje vanleg arbeidstid og feriar i arbeidslivet. Sauda vgs samarbeider med bedrifter i både sør og nordfylket om lære-plasser og arbeider med å knyte til fleire lærebedrifter i samarbeidet om YSK.

Siktemålet er å gjere YSK-tilbodet tilgjengeleg for all interessert ungdom i Rogaland med læreplass nær heimstaden og pendling til undervising i Sauda.

## Einaste i Rogaland

Sauda vgs er stolte av å kunne presentere denne utdanninga. Regjeringa har som mål at alle fylke skal kunne tilby dette – og i Rogaland er me dei einaste. Går du her, er du heilt i front.

Sjekk nettsidene **sauda.vgs.no** eller facebooksidene til Sauda VGS. Du kan gjerne ringe eller sende rådgjevar Hans Hylen Solberg ein sms: 472 36 441

NB! På VIGO heiter studiet “Yrkes- og studiekompetanse (YSK)”

---

Sauda vgs driv eigen sentralt lokalisert elevbustad med tretti hyblar. Leigeprisene er kr. 3700,- pr. månad. Søkarar til YSK har prioritet til desse hyblane. Send søknad via www.sauda.vgs.no

www.sauda.vgs.no
Tlf. 51 92 28 00
sauda-vgs@skole.rogfk.no

SAUDA VIDAREGÅANDE SKULE